

INSPERAOPPSETT

2NO35-1 Språk- og tekststrukturer (Årsstudium i norsk)

Tekstversjon bokmål:

Eksamen 25. april 2018, kl. 09.00-15.00 (seks timer)

Hjelpemidler: ordliste/ordbok uten egne merknader

Du kan velge fritt blant oppgavene nedenfor.

Svar på tre (3) oppgaver (inkl. ev. deloppgaver).

Du skal skrive på begge målformene (bokmål og nynorsk).

Skriv én av oppgavene på en annen målform enn de to andre oppgavene (med mindre du har fritak for å skrive på begge målformene).

Oppgave 1 (fonologi):

a. Definer begrepene *fonem* og *allofon*, og kom med eksempler.

b. Gi en fonemisk (og eventuelt også en fonetisk) transkripsjon av følgende ord, som representerer din uttale (oppgi språk- eller dialektbakgrunn):

<bjørnen>, <kyst>, <dommer>, <kveld>, <blå>, <bæret>

Oppgave 2 (morfologi):

Teksteksempel:

Skrivebøkene i førskolen var beregnet til tegning og skriving.

Forklar de morfologiske fagtermene *rot*, *stamme*, *avledning*, *sammensetning*, *bøying*, *ordform*, *fuge*, *morf*, *allomorf* og *morfem* med utgangspunkt i eksempelsetninga.

Lag morfologiske treanalyser av minst to av ordformene, der du får illustrert termene.

Oppgave 3 (pragmatikk):

Forklar følgende begreper: *proposisjonelt innhold*, *implikatur*, *turtaking*, *ansikt*, *metafor*, *metonymi* og *eufemisme*. Kom med egne eksempler.

Oppgave 4 (syntaks og semantikk):

a. Teksteksempel:

Dette praktiske eksempelet viser kanskje et viktig fenomen fordi det inneholder ei leddsetning.

Forklar de syntaktiske fagtermene som man ville trenge for å analysere denne setninga ut fra perspektivene form og funksjon.

b. Sett opp en feltskjemaanalyse og en syntaktiske treanalyse (form- og funksjonsanalyse) av denne setninga, og forklar framgangsmåten din med utgangspunkt i fagtermene fra forrige delspørsmål.

2NO35-1 Språk- og tekststrukturar (Årsstudium i norsk)

Tekstversjon nynorsk:

Eksamen 25. april 2018, kl. 09.00-15.00 (seks timar)
Hjelpemiddel: ordliste/ordbok utan egne merknader

Du kan velje fritt blant oppgåvene nedanfor.

Svar på tre (3) oppgåver (inkl. ev. deloppgåver).

Du skal skrive på begge målformene (bokmål og nynorsk).

Skriv éi av oppgåvene på ei anna målform enn dei to andre oppgåvene (med mindre du har fritak for å skrive på begge målformene).

Oppgåve 1 (fonologi):

a. Definer omgrepa *fonem* og *allofon*, og kom med døme.

b. Gje ein fonemisk (og eventuelt også ein fonetisk) transkripsjon av følgjande ord, som representerer din uttale (nemn språk- eller dialektbakgrunnen din):

<bjørnen>, <kyst>, <dommer>, <kveld>, <blå>, <bæret>

Oppgåve 2 (morfologi):

Tekstdøme:

Skrivebøkene i førskolen var beregnet til tegning og skriving.

Forklar dei morfologiske fagtermane *rot*, *stamme*, *avleiing*, *samansetjing*, *bøying*, *ordform*, *fuge*, *morf*, *allomorf* og *morfem* med utgangspunkt i eksempelsetninga.

Lag morfologiske treanalysar av minst to av ordformene, der du får illustrert termene.

Oppgåve 3 (pragmatikk):

Forklar følgjande omgrep: *proposisjonelt innhald*, *implikatur*, *turtaking*, *andlet (ansikt)*, *metafor*, *metonymi* og *eufemisme*. Kom med eigne døme.

Oppgåve 4 (syntaks og semantikk):

a. Tekstdøme:

Dette praktiske dømet viser kanskje eit viktig fenomen fordi det inneheld ei leddsetning.

Forklar dei syntaktiske fagtermane som ein ville trenge for å analysere denne setninga ut frå perspektiva form og funksjon.

b. Set opp ein feltskjemaanalyse og ein syntaktiske treanalyse (form- og funksjonsanalyse) av denne setninga, og forklar framgangsmåten din med utgangspunkt i fagtermane frå førre delspørsmål.